

Det kongelige miljøverndepartement  
Postboks 8030 Dep.  
0030 OSLO

## **Høyringsfråsegn om NOU 2002:1 ”Fortid former framtid – utfordringer i en ny kulturminnepolitikk”.**

Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum (NVIM) er glad for at NOU 2002:1 varslar ein offensiv ny kulturminnepolitikk for å ta vare på mangfaldet innan kulturminnevern. Det er positivt at denne skal følgjast opp med ei Stortingsmelding. Vi vonar at stortingsmeldinga vil gje stor plass til ein tiltaksplan og handlingsplan for kulturminne i Noreg og ikkje minst innehalda forslag til ein økonomisk opptrappingsplan for å få kulturminnevernet vesentleg styrka.

NOU 2002:1 inneheld over 140 tilrådingar, men dei særeigne behova innan teknisk-industrielle kulturminne er i svært liten grad ivaretatt i tekst, fotoutval og konkrete tilrådingar. Dei teknisk-industrielle kulturminna har ikkje fått nok mekrsemde i høve til den samfunnsmessige betydning industrien har for verdiskaping i Norge.

I ”Verneplan for tekniske og industrielle kulturminner” (Riksantikvaren , 1994) er mål og prioriteringar for 8 større anlegg klårt definerte. Desse representerer verksemder og næringar som har skapt store verdiar og har vore vesentlege for utviklinga av Norge som industriasjon. Eitt av desse anlegga er Tyssedal kraftanlegg, som vart freda av Riksantikvaren i år 2000 og blir forvalta av Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum.

Etter at produksjonen ved desse anlegga har blitt avvikla, har forfallet auka. Istandsetjing av desse anlegga etter strenge antikvariske prinsipp, forsvarleg drift, vedlikehald og utvikling av desse anlegga for museale og kulturelle aktivitetar krev eit solid økonomisk grunnlag og særeigen kompetanse.

På bakgrunn av røynsler med å ta vare på Tyssedal kraftanlegg, vil vi peike på viktige punkt for å utvikle ein ny kulturminnepolitikk:

- Når eit anlegg som er ute av drift blir prioritert som kulturminne, må det raskt setjast igang grundige analyser av tilstand, behov for rehabilitering og framtidig vedlikehald med tilhøyrande kostnadsvurderingar.
- Det må leggjast stor vekt på å ta vare på dokumentasjon både frå tida då anlegget vart bygd og i driftsperioden m.a ved intervju av aktuelle

informantar. Dette for å finne fram til rette materialval, arbeidsteknikkar og for å kunne gjenskape samt formidle tidlegare arbeidsprosessar og arbeidskulturen. Vi er difor glad for at NOU 2002:1 har eit eige kapittel om musea si rolle i kulturminnevernet både når det gjeld kompetanse innan restaurering, dokumentasjon og formidling.

- Ein må i størst mogleg grad knytte til seg lokal fagkompetanse både for å styrke identiteten til prosjektet og av økonomiske grunnar. Å utvikle ei fast bygg- og anleggsvaardel i restaureringsperioden med tanke på framtidig drift, vedlikehald og kompetanseheving, vil vere nyttig. Dette krev forutsigbare ressursar.
- Når eit slikt restaureringsarbeid blir satt i gang, bør det ut frå rasjonelle bygg- og anleggstekniske vurderingar gjerast ferdig så raskt råd er. Opp- og nedrigging i fleire periodar grunna manglande midlar vil vere kraftig fordyrande, skape frustrasjon, vil vitne om planløyse og såleis setje kulturminnevern i eit underleg lys samanlikna med slik ein driv nybyggingsprosjekt.
- Det må leggjast stor vekt på å finne fram til gode løysingar for oppvarming, avfuktning og andre tilhøve som sikrar bygg og anlegg og reduserer driftskostnader i framtida ( t.d. fjernvarmeanlegg, varmepumpe osb.). Dette krev større kostnader i byggeperioden i samband med restaurering, men vil betala seg på sikt.
- Den særeigne bygg-og anleggskompetansen som blir utvikla i samband med eit slikt restaureringsarbeid må vidareførast slik at andre kan ha nytte av dette. I Tyssedal er det grunnlag for å etablere eit opplæringssenter for restaurering av eldre industrianlegg innan t.d. murar-, tømrar- og malarfag, maskinrehabilitering i tillegg til ymse anleggsteknikkar. Både i vidaregåande fagutdanning og på høgskulenivå er det behov for dette innan ordinært pensum og i etterutdaning.
- I slike restaureringsprosjekt vil det praktisk og økonomisk vere nyttig å integrere tiltak for tilrettelegging for publikum og allsidige kulturaktivitetar. Vern gjennom bruk av dei teknisk-industrielle kulturminna vil styrka verneviljen og gje positive holdningar til at det svarer seg med kulturminnevern.
- Vi vil sterkt understreke behovet for ei betre samordning mellom ulike departement når det gjeld kulturminnevern. Både Miljøverndepartementet, Kulturdepartementet og departement som har det naturlege sektoransvaret ( i vårt tilfelle Olje- og energidepartementet og Næringsdepartementet) må koordinere sitt ansvar og finansieringsopplegg. Vi har opplevd i mange år å bli kasteball mellom ulike statsrådar og departement.
- Det er eit stort behov for å auke dei faste statlege tilskota og eit eige kulturminnefond. Gapet mellom behov og tilgjengelege midlar på 400-550 mill. kroner pr. år (jfr. Riksantikvaren si behovsanalyse side 99 i NOU-

dokumentet) understrekar dette. Dette er og ein føresetnad for å desentralisere kulturminnevernet til kommunane.

- Vi vil gje støtte til alle forslag om fjerning av moms og andre avgifter som kan lette investeringar til slike kulturminner. Det bør og vere ein føresetnad for freda anlegg i denne storleik at staten dekkar dei ekstrakostnader som privat eigar måtte få ved å gjennomføre restaureringsarbeid etter antikvariske prinsipp.
- Parallelt med restaurering av teknisk- industrielle kulturminne må det skje ei mobilisering av lokalsamfunn og viktige målgrupper for å utvikle identitet og oppslutning om prosjektet. Gjennom grundige stadanalyser og historisk dokumentasjon kan musea gjere desse anlegga til viktige arenaer både for formidling og allsidige kulturelle aktivitetar og næringsaktivitet som ikkje forringar den kulturhistoriske og antikvariske verdien..
- I saker der konfliktar i høve til kulturminneomsyn ikkje blir løyst lokalt, bør det vere ein fagleg ankeinstans for å sikre at den nye kulturminnelova blir ivaretatt. Dispensasjonsadgangen etter Plan- og bygningslova bør gjerast strengare.
- Dersom kommunane skal få ny oppgåver når det gjeld kulturminnevern, må det følgja med økonomiske verkemidlar som står i samsvar med oppgåva slik at det styrker kulturminnevernet.

Vi ser positivt på etablering av **kulturmingefondet** og ser fram til ei opptrapping av fondet slik at den foreslalte avkastinga på 100 m.kr. blir ein realitet. Vi vonar at ein raskt kjem opp i ein slik sum, dagens avkastning av fondet er alt for lite til fordeling på heile landet. Kulturmingefondet må vera eit supplement og koma i tillegg til ordinære tilskot

NVIM støttar forslaget om å utarbeida ei ny kulturminnelov.

I tillegg til desse kommentarane viser vi til fellesuttalen sendt frå Industrimuseas fellesråd den 25. juni 2002.

Tyssedal den 26. juni 2002

Randi Bårvædt

Norsk Vasskraft- og Industriadmuseum